

Liv Hopland van der Kooij  
 Hoplandsvegen 141  
 5918 FREKHAUG

28.08.14

Meland kommune  
 v/Mette Træland  
 Pb 79  
 5906 FREKHAUG

**Søknad om kommunalt tilskot til ny Familiebarnehage frå august 2016**

Underteikna eig og driv pr i dag Lita-god Familebarnehage, i bustadhuset mitt. Eit av krava for å starta opp familiebarnehage er at barnehagen skal samarbeida med andre barnehagar. Dette gjer eg pr i dag, men ved å driva to familiebarnehagar er eg sikker på at dette kravet vert stetta i framtida.

Eg ynskjer løyve til å starta opp med dobbel gruppe, dvs. inntil ti born alt etter alder på desse. Erfaringa frå å ha ei dobbel gruppe er at ein får ein stabil kvardag for borna. Sjølv om nokon i personalgruppa skulle vera sjuk er det alltid ein kjend voksenperson på jobb.

Dobbel gruppe gjer at ein kan vera tre tilsette, ved å fordela desse på tre vakter kan barnehagen operera med ei opningstid på inntil 10 timer, slik som større barnehagar gjer.

Familiebarnehagen vil vera eit supplement til det mangfaldet av barnehagar som vert tilbudt barn og foreldre i Meland. Nokre foreldre synest dei «ordinære» barnahagane har vorte for store. Desse kan bruka familiebarnehagen som inngangsport til «barnehagelivet» for borna.

Barnehagen vert lokalisert på ein gard og det vert drive aktiv gardsdrift på gardane rundt, dette gjev borna eit unikt innblikk i livet på garden og kva som foregår der, ei verd som er stengd for dei fleste barn og voksne i dag.

Pr i dag held eg på å rusta opp delar av løa på garden til eit forsamlingslokale. Dette er for å ha betre plass til dei borna som pr i dag kjem på besøk i barnehagen og få betre plass til dei foreldrearangementa eg pr i dag arrangerer. Det vil og gje meg betre høve til å invitera fleire born på dei kulturelle arrangementa me har i barnehagen som teater og songstunder med profesjonell leiing. Denne bygningen vil sjølvsakt vera disponibel for ein ny barnehage og.

Eg har sidan eg opna barnehagen tatt førskulelærarutdanning på NLA og held pr i dag på med ei utdanning for styrarar av barnehagar på NHH, som går på leiing og administrasjon, denne er ferdig i 2015.

Vedlagt ligg ein utttale frå Miljøretta helsevern, da eg gjerne ville ha deira syn på om det gamle våningshuset på garden kunne eigna seg som familiebarnehage.

Vonar kommunen ser seg tent med å ha eit mangfold av barnehagetilbod å tilby innbyggjarane.

*Liv H.v.d. Kooij*  
 Liv H.v.d. Kooij